



Arkivsaknr: 2024/1421-18
Sakshandsamar: Lennart Falkenberg-Arell
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

1 ghs - DRP - Hovudreinseanlegg i Knarvik. PlanID 46312023004

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	26.03.2025

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn:

Hovudreinseanlegg i Knarvik. PlanID 46312023004, vist på plankart sist datert 11.2.2025, med tilhøyrande føresegner datert 11.2.2025.

Utval for areal, plan og miljø ber om at det fram mot 2. gongs handsaming av planforslaget vert sett nærare på følgjande forhold ved planen:

- ROS-analyse:
 - Oppsett av matrise for planROS må oppdaterast etter Alver kommune sine fastsette grenseverdier.
- Føresegna:
 - Ved fjerning av vegetasjon må terrenget saumfarast for å sikra at piggsvin ikkje tek skade. Eventuelle piggsvin som måtte finnast på staden må få eit nytt og trygt heim innanfor planområde.
 - Ved grunnarbeid og oppføring av tiltak må ei passe på at oter sitt leveområde ikkje vert forringa. Ved tiltak langs strandsone, i sjø, i bekk og nærleik av Kvassnesstemma må ein sørgja for at område i framtida framleis vil kunne vera attraktivt for oter og leve i.
 - Grunna omsyn til dyreliv, skal hogst av store tre ikkje skje i perioden 1 mars til 15 august.

- Når den store masseutskiftinga skal skje i anleggsperioden, skal tyngre køyretøy ikkje køyre inn og ut av planområde før kl. 0900 og ikkje etter kl. 1900. Køyting med massar kan ikkje førekomme på søndagar.
- Avbøtande tiltak for å redusera støy frå reinseanlegget og pumpehuset må gå fram av føresegn § 2.8. Maksimale grenseverdiar for støy må sikrast.
- Planomtale:
 - Skriv meir utfyllande i kapitel om lukt kvifor ein har valt den utforminga av føresegn § 2.9 som no ligg føre, opp mot kva ordlyden er i vedlegg 17 – Vurdering luktspreiing.


Saksopplysningar:

Bakgrunn

På oppdrag frå Alver kommune legg Asplan Viak AS fram forslag til reguleringsplan for Hovudreinseanlegg i Knarvik. Planområdet er på om lag 37,8 daa og omfattar området o_BIN5 - Offentleg tenesteyting, o_GF4 – Friområde frå områdeplanen i Knarvik, og areal frå friområde frå den eldre reguleringsplanen Felt E Såta PlanID 1263-16051832 og arealføremål for andre offentlege typar bygg og anlegg gitt ved kommunedelplan for Knarvik, Alversund med Alverstraumen.

Planforslaget er utarbeidd med bakgrunn i vedtatt lokasjon i Alver kommunestyre 22.6.2023. I dagens situasjon er avløpet frå Knarvik tettstad ført til Kvassneset med utslepp til sjø. Alver kommune fekk 7.11.2024 løyve etter forureiningslova til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Knarvik tettbygde område. Løyvet gjeld etablering av eit nytt reinseanlegg på Kvassneset.

Planforslaget legg opp til eit nytt hovudreinseanlegg for Knarvik-området, som oppfølging av nasjonale krav og EU-direktiv for handtering av utslepp. I tillegg vert det lagt til rette for tilkomst til det etablerte friområdet med eksisterande turveg langs Kvassnesstemma, og for gjennomføring av tiltak for styrking av friluftslivet, i form av gangvegar, møteplassar og utsiktspunkt. Det vert også planlagt plassering av pumpestasjon ved friområdet ned mot sjøen, i høve til borehol for avløpsleidningar som endar ut i dette området.



Planprosess og medverknad

Det vart gjennomført oppstartsmøte 7.3.2024. Planarbeidet vart varsla oppstart 18.3.2024. Det kom inn 18 private merknader og 8 offentlege uttaler. Desse er oppsummert og kommentert i merknadsskjema, sjå vedlegg 21.

Det vart gjennomført eit ope informasjonsmøte 11.4.2024 i kantina i Nordhordlandshallen. Det var om lag 90 frammøtte, i tillegg til politikare, administrasjon og plankonsulent. Ein medverknadsprosess har vore gjennomført i to delar, med Workshop møter med påmeldte innbyggjarar 30.4.2024 og 23.9.2024.

Planforslaget var sendt inn til 1. gongs handsaming i 12.2.2025.


Kort om planforslaget

Reinseanlegget (AV1) vert utforma med saltak og er satt saman av fleire modular med ulike gesims – og mønehøgder. Utnyttinga er 50% BYA. Byggehøgda på delar av anlegget går maksimalt til 16.3 meter over gjennomsnittleg planert terreng. Pumpehuset (AV2) får saltak og ha ein utnyttingsgrad på 10 % BYA. Vidare legg planforslaget opp til at det skal lagast ein ny veg ned til nye møteplassar for ålmenta. Møteplassar er vist i plankartet med omsynssone og #3, 4 og 7. For nærare detaljar om anlegga som skal byggast les kapitel 5 s. 33- 57 i vedlagt planomtale (nr.3).

Planområde ligg under marin grense. Det er gjort ei vurdering av områdestabilitet, sjå vedlegg 18. Konklusjonen er at tiltaksområdet består av berg i dagen og mindre djupne til berg enn 2 meter. Tiltaket ligg ikkje innanfor ei kvikkleirefaresone og det er ikkje avdekka sprøbrotmateriale på prøvegravingar. Det er ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkingar.

Bygging av reinseanlegget, stripeerverv av hjørnet på Eviny sin tomt 188/411, bygging av pumpehus med tilkomstveg og møteplass er alle tiltak som blir dekkja av investeringsprosjektet KNARA. Prosjektet går under sjølvkost er dekkja av avlaupsgebyret.

På utsnittet frå plankartet under ser ein kva areal som må ervervast.



Vurdering

I dette kapittelet følgjer kommunedirektørens kommentarar og vurderingar til sentrale tema i saka.

ROS-analyse

ROS-analysen er utarbeidd i tråd med DSB sin rettleiar Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging (DSB, april 2017), og etterkjem plan- og bygningslova sine krav om ROS-analyser ved all planlegging (jf. plan- og bygningsloven §4-3).

Konklusjonen frå ROS-analysen er vist i tabellen under.

	Uønska hending	Risiko			Forslag til risikoreduserande tiltak
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
1	Flaum i små vassdrag				- Flaumsikkert nivå for pumpehus vert sikra i føresegnene - Flaumsikkert nivå til ny bru skal vere på 11,68, jamfør NVE sine krav. Underkant av bru bør vere over +12,18 meter, i henhold til SVV sine krav for fri høgde mellom maksimal vasstand og bru.
2	Stormflo/havnivåstigning				Det er ikkje behov for risikoreduserande tiltak
3	Erosjon				Det må sikrast at erosjon ikkje vil medføre undergraving av konstruksjonar i henhold til TEK17, § 7-2, fjerde ledd.
4	kvikkleireskred				Det er ikkje behov for risikoreduserande tiltak
5	Større ulukker				Vegnett og frisktsoner skal regulerast iht. gjeldande vegnormalar

Kommunedirektøren si vurdering er at utforming av føresegna og plankartet i tilfredsstillande grad ivaretar dei foreslegne avbøtande tiltaka. Andre forhold vert ivareteken gjennom byggt teknisk forskrift TEK17.

Oppsett av matrisa for planROS er ikkje lik oppsetta til Alver kommune sine grenseverdiar. Fram mot 2 ghs. må denne oppdaterast.

Matrise nytta i framlegg til reguleringsplan:

Sannsynskategoriar for planROS:

SANNSYNN	TIDSINTERVALL	SANNSYNN PR. ÅR
Høg	Oftare enn 1 gang i løpet av 10 år	> 10 %
Middels	1 gang i løpet av 10-100 år	1-10 %
Låg	Sjeldnare enn 1 gang i løpet av 100 år	< 1%

Matrise vedteken av Alver kommunestyre:

Sannsynskategoriar planROS	Tidsintervall	Sannsyn (per år)
S1 særst lavt sannsyn	Sjeldnare enn 1 gong per 200 år	< 0,5 %
S2 lavt sannsyn	1 gong per 100-200 år	0,5 - 1 %
S3 middels sannsyn	1 gong per 50-100 år	1-2%
S4 høgt sannsyn	1 gong per 10-50 år	2-10%
S5 særst høgt sannsyn	1 gong per 0-10 år	> 10%


Konsekvensutredning

Planarbeidet omfattast av forskrift om konsekvensutgreiingar jf. 8) vedlegg II punkt 11 c) Reinseanlegg for spillvatn.

Utredninga har nytta Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941 som metode. Vidare føl utredninga opp krava til innhald gitt ved forskrift om konsekvensutredningar. Det er to tiltak i denne planen som skal utgreiast, 1 - hovudreinseanlegg og 2 - tilkomstveg til pumpehuset. Utredninga har vurdert to alternativ for utforming av hovudreinseanlegg og to alternativ for utforming av tilkomstveg til pumpehuset opp mot 0-alternativet. For tomte til reinseanlegget er 0-alternativet omsorgsbustadar og for tilkomstvegen er dagens trase 0-alternativet.


Friluftsliv, landskap og arkitektur

Alternativ Sør -Reinseanlegg




«Dette alternativet forutsetter inngrep i høydedraget i sør og gjer at tiltaket blir meir synleg frå denne retninga, men trekker seg også lengst unna friarealet og tursti i nord. Alternativet bryter med formspråket til omkringliggende industriområder, men er har et formspråk som er mer gjenkjennbart for boligbebyggelse i Knarvik sentrum.». Vedlegg 9 s. 6.

Alternativ midt – Reinseanlegg



«Er eit kompakt volum med flate tak kor alle funksjonar inne i bygget er plassert på terreng. Alternativet har det høgaste bebyggelsen midt på tomten og lågaste mot nord. Alternativet har mindre innverknad på høgdedraget i sør.» Vedlegg 9 s. 7.

Alternativ 1 – Tilkomstveg til pumpehuset



«Alternativ 1 er lagt i den vestlege kanten av friområdet. For å sikre at den har riktig stigning for kjøretøy som skal ned til pumpehuset må den svinge noko. Dette medfører skjæringar i terrenget som kan bli inntil og omkring ca 4m høg. Ved pumpehuset etablerast snuplass som får ein fyllingsfot ned i terrenget.» Vedlegg 9 s. 10.

Alternativ 2 – Tilkomsveg til pumpehuset



Alver kommune ynsker å etablere ein attraktiv og funksjonell møteplass for innbyggjarane i Knarvik. Den skal være tilgjengeleg for alle, og er planlagt for å gi minst mogeleg terrenginngrep. Til dømes vil ein unngå å sprengje, det meste av vegen og opphaldsplassane ligg difor over terreng. Høgdeforskjellar blir tatt opp av natursteinsmurar.

Kommunedirektøren vurderer at plassering sør av reinseanlegget er best sett opp mot påverknad til kringliggende landskap. Ein får då trekt anlegget mest mogleg vekk frå sti og friareal i nord. Alternativ 1 for tilkomst til pumpehuset har ingen verdi for folkehelse og friluftsliv. Løysinga fører til veldig høge skjeringar som vert godt synleg frå sjø og gir negativ fjernverknad. Alternativ 1 gir berre ei naudsynt tilkomst til pumpehuset.

Kommunedirektøren vurderer at alternativ 2 av plassering av tilkomstveg til pumpehuset har høgast verdi. Denne utforminga vil gje noko positivt tilbake til innbyggjarane. Løysinga gir auke verdi for den allmenne folkehelse og auke i verdi for oppleving og nytta av friluftsområde.

Kommunedirektøren vurderer at avviket på byggehøgda i planframlegg på k+41 og k+46 opp mot områdeplanen k+35 er akseptabelt grunna dei plangrepa som er gjort for å redusere den negative påverknaden dette medfører område. Reinseanlegget vil få ei gradvis nedtrapping i mønehøgde mot sjø og har eit varierende takutforming. Det er krav til at mykje av eksisterande vegetasjon skal bestå gjer at bygga vert ei del av eksisterande landskapet. Krav til fargeval og utforming av bygg gjer at desse ikkje opplevast som eit forstyrrende element men som en naturleg avslutning av aksen med bygg mot friområde. Reinseanlegget sine arkitektoniske krav og krava til utforming av uteareala med GOF og GP gjer at dette område kan verta enda meir attraktivt for publikum å sjå.

Naturmangfald

«Tiltaksområdet består av dei områda som blir fysisk påverka av gjennomføringa av det planlagde tiltaket. Influensområdet omfattar dei områda der tiltaket kan medføre både direkte og indirekte effekter. Influensområdet for naturmangfald vil variere avhengig av artsgrupper og kategoriar. Karplanter, moser, lav, sopp og insekter har eit mindre influensområde i utstrekning frå tiltaksområdet, samanlikna med mobile artsgrupper som fuglar, pattedyr, amfibiar, krypdyr og fisk. I dette prosjektet omfattar influensområdet for fuglar heile tettstaden Knarvik.». Vedlegg 11 s. 14.

Konsekvensutgreiinga om naturmangfald kjem fram av vedlegg 11. Forslagsstillar skriv følgjande i samandraget:

«... Det er registrert fire delområde, to naturtypelokalitetar og to økologiske funksjonsområde. Det er to tiltak som skal utgreiast: 1 - hovudreinseanlegg og 2 - tilkomstveg til pumpehuset. Det finst to alternativ for utforming av hovudreinseanlegget, og to alternativ for utforming av tilkomstvegen til pumpehuset. For hovudreinseanlegget er dei samla konsekvensane vurderte som noko negative for begge alternativa. Rangeringa av alternativ Sør som det beste alternativet byggjer på at dette vil føre til ein høgare andel grønne overflater samanlikna med alternativ Midt. Når det gjeld tilkomstvegen til pumpehuset, er dei samla konsekvensane vurderte som middels negative for både alternativ 1 og 2, men alternativ 2 vert rangert som det beste alternativet. Alternativ 2 hindrar ikkje dyr i å krysse vegen i like stor grad som alternativ 1, og utforminga av vegen i alternativ 1 vil truleg gjere det vanskeleg å ivareta bekken på ein like god måte som i alternativ 2.».

Kommunedirektøren vurderer at føreligg tilstrekkeleg kunnskap om verknadar av forslaget og tiltaka vil ikkje ha vesentleg verknadar for naturmangfaldet i området, jf. nml. §§ 8 – 12, jf. § 7. Forslaget vil heller ikkje påverke moglegheitene for å nå forvaltningssakene for naturtypar og arter, jf. nml. §§ 4 og 5.

Nml. § 8 – Kunnskapsgrunnlaget vurderast av kommunedirektøren til å vera tilfredsstillande. Hovuddelen av område der reinseanlegget skal etablerast er allereie eit grusa område.

«Terrestrisk naturmangfald blei kartlagd i felt av biolog Anette Gundersen den 23. mai 2024. Kartlegginga av naturtypelokalitetar er basert på Miljødirektoratet si kartleggingsinstruks (Miljødirektoratet 2023b). Denne instruksjonen spesifiserer ikkje verdi, men lokalitetskvalitet. Artsgruppene som er kartlagde i felt, er karplanter, lav og mose. Anna relevant informasjon

er henta frå Artskart, Naturbase, Artsobservasjonar, Økologiske grunnkart, Hjorteviltregisteret, Vegkart og NGU sine innsynsløysingar for berggrunn og lausmassar. Kartlegginga av raudlistaartar følger Norsk rødliste for arter (Artsdatabanken, 2021), medan kartlegginga av framande artar følger Fremmedartslisten 2023 (Artsdatabanken, 2023). Viktige artsfunn vert publisert i Artskart via Artsobservasjonar.» Vedlegg 11 s. 21.


«I Artskart er det registrert ei rekke raudlista fugleartar innanfor eller like utanfor planområdet, hovudsakleg knytt til Kvassnesstemma. Blant 645 observasjonar av raudlista fugleartar, dei fleste i kategoriane sårbar (VU) og kritisk trua (CR), er 20 observasjonar knytt til reproduksjon og 27 til mogleg reproduksjon. Dei fleste observasjonane som gjeld sikker reproduksjon, er av knoppsvane, og arten er også registrert med permanent revir i 2024. I tillegg blei fiskemåke (VU) observert rugande i 2020, og granmeis (VU) blei observert med unger i 2013. Blant andre artar som har blitt observert i hekketid i passande hekkebiotop dei siste åra, finn vi hettemåke (CR), gråspurv (NT), tårnseiler (NT), sandsvale (VU), fiskemåke (VU), stær (NT), gransanger, brunsisik og stokkand. Brunnakke er observert som stasjonær. Blant artane som er observert næringssøkande i løpet av dei tre siste åra, kan nemnast hettemåke, grønfinke (VU), toppand, fiskemåke, gråhegre, stokkand, tjeld (NT), taksvale (NT), tyrkerdue (NT), samt 80 individ av gråmåke (VU). Fiskemåke og stokkand er registrert med meir enn 80 og 55 individ, høvesvis. Piggsvin (NT) blei registrert som næringssøkande i området rundt vatnet i 2016, og oter og vintererle blei registrert i 2018.» S. 27.

Nml. § 9 – Førre-var-prinsippet.

Kommunedirektøren vurderer at førre-var-prinsippet i denne saken ikkje skal leggjast til grunn. Kunnskapsgrunnlaget av naturmangfald for område er tilfredsstillande. Så lenge anbefalte avbøtande i vedtaket vert implementert i planforslaget vil dette sørgje for at sårbare dyreartar som lev i område ikkje skal ta noko skade av utbygginga.

Nml. § 10 – Økosystemtilnærming og samla belastning.

Vedlegg 11 s. 33 – 43 vurderer kva påverknad og konsekvens bygging av reinseanlegg og tilkomstveg med pumpehus vil ha på økosystema som er i område. Verdikartet under viser kva områder som er undersøkt.



ØF1 og ØF2 er økologiske funksjonsområder. Na1 og Na2 er naturtypelokalitetar. Les meir om kva dette inneber frå s. 27-29.

Biolog vurderer følgjande om etablering av reinseanlegget opp mot økosystemtenestar innanfor Na1 (Kystlynghei): Konsekvensen for økosystemtenester i Na1 vil vere ein ubetydeleg reduksjon i evna til klimaregulering og karbonbinding. Tiltaket vert vurdert å medføre noko forringing av Na1. For ØF1 og ØF2: Tiltaket vert vurdert å medføre ein ubetydeleg endring for ØF1 og ØF2. Les heila vurderinga frå s. 33 og utover.

«Na1 vurderast ikkje som ein viktig lokalitet på regionalt nivå og det vert konkludert med at den samla belastninga ikkje vil hindre at forvaltningsmåla for naturtypen vert nådd.». S. 38-39.

«Konsekvensane for naturmangfaldet er svært like for dei ulike alternativa. Likevel vert alternativ Sør og Midt vurdert som betre enn 0-alternativet. Samanlikna med 0-alternativet, vil etablering av reinseanlegg truleg ha ein noko positiv påverknad på naturmangfaldet, ved å påverke funksjonane knytt til delområde ØF1 og ØF2 i mindre grad, både for alternativ Sør og alternativ Midt. Det vert antatt at reinseanlegget vil medføre færre forstyrningar frå ferdsle i området enn det omsorgsbustadane ville ha forårsaka, samt noko mindre forureining frå lys og støy. Rangeringa av alternativ Sør som det beste alternativet er basert på at det har ein høgare andel grønne overflater (GOF på 0,7) samanlikna med både alternativ Midt og 0-alternativet (GOF på 0,6).». s. 39.

For vurdering av alternativ 1 og 2 om plassering av tilkomstveg til pumpehuset, vurderer biolog følgjande:



Syner plasseringa av vegen i høve kystlyngheia i delområde Na2, for alternativ 1 (t.v.) og alternativ 2 (t.h.).

Delområde	Alt. 0	Alternativ 1	Alternativ 2
Na2		Middels negativ --	Middels negativ --
ØF2		Noko negativ -	Noko negativ -
Samla vurdering		Middels negativ --	Middels negativ --
Grunngjeving for samla konsekvensgrad	Samla konsekvens er basert på summen av konsekvensane for dei ulike delområda og ei heilskapleg vurdering av den samla belastninga. For begge alternativa gir tiltaket noko negativ konsekvens for ØF2 og middels negativ konsekvens for Na2. Planområdet er lokalisert i eit sterkt utbygd område prega av vegar og bygningar. Den vedvarande støyen frå vegane kan påverke territoriale åtferder, parbinding og hekkesuksess (Røv mfl. 2004). Når dei omkringliggjande områda er sterkt nedbygd, får dei gjenværande leveområda større betydning for dyreliv, insekt og fuglar. Kystlynghei er raudlista som sterkt trua (EN) og er ein utvald naturtype. I Alver kommune er det registrert seks lokalitetar av kystlynghei i tråd med Miljødirektoratets instruks, i tillegg til 18 lokalitetar etter DN-Håndbok 13. I Vestland fylke er det totalt 1972 slike lokalitetar, samt 152 lokalitetar etter DN-Håndbok 13. Na2 er i ein sein gjenvekstsuksessjonsfase, sterkt gjengrodd, og ligg som restareal frå eit tidlegare større område med kystlynghei mellom busetnad og vegar. Na2 vurderast ikkje som ein viktig lokalitet på regionalt nivå, og det vert konkludert med at den samla belastninga ikkje vil hindre at forvaltningsmåla for naturtypen vert nådd. Når konsekvensane av tiltaket blir vurderte i lys av den samla belastninga som leveområda for fugl i influensområdet har vore utsett for, vert den samla konsekvensen vurdert som middels negativ for begge alternativa.		
Rangering	1	3	2

Grunngjeving for rangering

Sjølv om den samla konsekvensen for naturmangfaldet er lik for dei to alternativa, er påverknadane ulike. Alternativ 1 medfører større terrenginngrep i form av skjeringar enn alternativ 2, medan alternativ 2 fører til eit større arealbeslag på grunn av eit større areal med veg og opphaldsplassar. Alternativ 2 hindrar ikkje dyr i å krysse vegen i like stor grad som alternativ 1, og utforminga av vegen i alternativ 1 vil truleg gjere det vanskeleg å ivareta bekken på ein like god måte som i alternativ 2.

Alternativ 2 vert difor rangert som det beste av dei to alternativa. Det mest gunstige for naturmangfaldet vil vere å bevare den eksisterande situasjonen, og 0-alternativet vert difor rangert som nummer éin.

Kommunedirektøren stetta biolog sine faglege vurderingar og vurderer samla sett at belastninga på økosystema er akseptable for utbygginga så lenge dei avbøtande tiltaka som er teken inn i vedtaket vert sikra i plan.

Nml. § 11 – Kostnadene ved miljøforringelse skal bærast av tiltakshavar.

Naturmangfaldlovas § 11 pålegg tiltakshavar å bære kostnadane ved miljøforringelse. Det er tiltakshavar som dekker eventuelle kostnader for å hindre eller avgrense skadar på naturmangfaldet. Kostnader som tiltakshavar kan kome til å måtte dekke, for å få tatt nødvendige naturmangfaldsomsyn kan vere:

- At tiltakshavar vert pålagt å betale for å skaffe meir kunnskap om naturmangfald.
- At tiltakshavar vert pålagt å overvake naturtilstanden.
- At tiltakshavar må velje ein meir kostbar og tidkrevjande teknikk, lokalisering eller driftsform.
- At tiltakshavar får gjennomføre tiltaket, men at det vert gjeve pålegg om retting eller avbøtande tiltak som reduserer skadane på naturmangfaldet.

Nml. § 12 – Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

I lovas § 12 er det gitt retningslinjer om at det skal veljast teknikkar, driftsmetodar og lokalisering som gjev det beste samfunnsmessige resultatet, der omsyn til naturmangfaldet er ein viktig faktor. Anleggsfasen bør utførast så skånsamt og miljøvennleg som mogleg.

Kommunedirektøren vurderer samla sett at føresegna må styrkast slik at piggsvin og oter ikkje tek noko skade ved utbygginga av reinseanlegget, tilkomstvegen til pumpehuset med bru og dei leidningar som skal leggjast på både land og i sjø. KU for naturmangfald lista opp forslag til avbøtande tiltak. Eit av dei er at tre ikkje skal hoggast i perioden 1 mars til 15 august. Dette tiltaket må sikrast i føresegna. Vidare har kommunedirektøren vurdert at omsynet til piggsvin og oter må styrkast i føresegna. Avbøtande tiltak går fram av vedtaket. Øvrige forslag til avbøtande tiltak som er nemnd i KU for naturmangfald vurderast for å vera tilfredsstillande sikra i framlegg til reguleringsplan.

Støy

Ei overordna støyvurdering av tiltaka opp mot eksisterande nærliggande bustadar og planlegging av oppføring av nye robuste bustadar innanfor BOP3 område går fram av vedlegg 16. Føresegn § 2.8 a) sikra at støy frå anleggsdrift skal følgja grenseverdiane i rettleiar frå Miljødirektoratet T-1442/2021. Bokstav b) sei at berekning av eventuelt støyutslepp frå dei ferdige anlegga og vurdering av nødvendig skjermingstiltak skal ivaretakast som del av detaljprosjekteringa.

Desse berekningane vert gjort i byggefasen. Rapporten konkludera følgjande med at *«Det er potensielt betydelig konsekvens for støy fra tekniske installasjoner på det nye reinseanlegget og fra pumpehuset ned mot vannet. Plasseringer og skjerming for å unngå overskridelser av grenseverdi fra tekniske installasjoner mot eksisterende støyfølsom bebyggelse og mot offentlig tur- og rekreasjonsområde må ivaretas under detaljprosjektering. Prognoser for støy fra bygge- og anleggsarbeider må ivaretas som del av detaljprosjektering.»*. Vedlegg 16 s. 35.

Kommunedirektøren vurderer at avbøtende tiltak for å sikre at det ikkje vert noko sjenerande støy frå reinseanlegget og pumpehuset må gå tydelegare fram av føresegna. Maksimale grenseverdier for støy i driftsfasen av anlegga må gå fram av føresegn § 2.8. Desse kan ikkje overskride grenseverdier gitt ved T-1442.

Lukt

Overordna vurdering av lukt går fram av vedlegg 17. Rapporten konkludera med forslag til føresegna som bør takast inn i plan som utgangspunkt den meir detaljerte luktspreiingsanalysen som kjem i byggefasen. Desse forslaga er be arbeida og tatt inn under føresegn § 2.9 bokstav a) og b).

I planomtalen på s. 18 skriv forslagsstillar at *«Det er utarbeida ein luktspreiingsrapport for reinseanlegget. Den dokumenterer korleis omgjevnadane kan verta påverka i høve til dette temaet. Det er gjort berekningar med to ulike scenario, dvs. to ulike luktkonsentrasjonar. Rapporten konkluderer med at luktspreinga vil liggja godt innanfor akseptable grenseverdier for ulike bygg og formål, m. a. bustader.»*.

Kommunedirektøren vurderer at det må stå litt meir utfyllande i planomtalen om kvifor forslaga til føresegn gitt ved vedlegg 17 ikkje er lik dei som er tatt inn i føresegnsdokumentet.

Massehandtering

Notat om massehandtering går fram av vedlegg 12. Konklusjonen frå rapporten er at det må truleg køyrast vekk mellom 1650-2900 lass massar, avhengig av type køyretøy. Det må køyrast mellom 810 og 1410 lass inn med ulike typar fyllmassar til tiltaksområde.

Grunna omfang på massar som skal køyrast vekk frå planområde og massar som skal tilførast, vurderer kommunedirektøren at Alver kommune sin prosjektavdeling må sørgja for at naboar i anleggsperioden ikkje vert forstyrra på morgonen når borna skal ferdast til barnehage og skular og på kveldstid når folket skal finne ro. I perioden med stor aktivitet

med mye fram og att køyring kan dette ikkje skje før kl. 0900 og ikkje etter kl. 1900. Køyring med massar kan ikkje førekomme på søndagar.

For å redusera talet mest mogleg på inn og utkøyring av massar ber kommunedirektøren om at Alver kommune sin prosjektavdeling ser nærare på om at det kan stillast vilkår i entreprise for grunnarbeid at størst mogleg køyretøy skal nyttast i arbeidet.

Kommunedirektøren ber også om at prosjektavdelinga går saman med landbruksavdelinga og byggesaksavdelinga for å finne gode deponiområder i nærheita slik at ein får redusert køyrelengde frå tiltaksområde til deponi. Dette grepet vil redusera klimaavtrykket til prosjektet med reduksjon av CO2 utslepp og reduksjon av belastning på vegnettet. Tiltaket vil truleg også vera kostnadssparande med tanke på at entreprenør kan prise inn kortare køyrelengde for transport av massar. Desse momenta er også skildra av plankonsulent i vedlegg 12 kapitel 4.1 og 4.2.

Konklusjon

Planmateriale har nokre mindre manglar. Vi har likevel valt å leggje planforslaget ut til offentleg ettersyn fordi det er viktig å få rask planavklaring. Det vert lagt til grunn at planforslaget gir tilstrekkeleg grunnlag for naboar og høyringsinstansar til å uttale seg til planforslaget.

Vi sluttar oss til hovudformålet og hovudgrepet i planforslaget. Vi har likevel nokon merknadar. Dette gjeld følgjande forhold:

- ROS-analyse:
 - Oppsett av matrise for planROS må oppdaterast etter Alver kommune sine fastsette grenseverdiar.
- Føresegna:
 - Ved fjerning av vegetasjon må terrenget saumfarast for å sikra at piggsvin ikkje tek skade. Eventuelle piggsvin som måtte finnast på staden må få eit nytt og trygt heim innanfor planområde.
 - Ved grunnarbeid og oppføring av tiltak må ei passe på at oter sitt leveområde ikkje vert forringa. Ved tiltak langs strandsone, i sjø, i bekk og nærleik av Kvassnesstemma må ein sørgja for at område i framtida framleis vil kunne vera attraktivt for oter og leve i.
 - Grunna omsyn til dyreliv, skal hogst av store tre ikkje skje i perioden 1 mars til 15 august.
 - Når den store masseutskiftinga skal skje i anleggsperioden, skal tyngre køyretøy ikkje køyre inn og ut av planområde før kl. 0900 og ikkje etter kl. 1900. Køyring med massar kan ikkje førekomme på søndagar.
 - Avbøtande tiltak for å redusera støy frå reinseanlegget og pumpehuset må gå fram av føresegn § 2.8. Maksimale grenseverdiar for støy må og sikrast.
- Planomtale:
 - Skriv meir utfyllande i kapitel om lukt kvifor ein har valt den utforminga av føresegn § 2.9 som no ligg føre, opp mot kva ordlyden er i vedlegg 17 – Vurdering luktspreiing.

Vedlegg

- | | |
|----|---|
| 1 | 1.Plankart_11.2.2025 |
| 2 | 3.Planomtale_12.2.2025 |
| 3 | 4.ROS-analyse_20.12.2024 |
| 4 | 5.Illustrasjonsplan_11.2.2025 |
| 5 | 6.Illustrasjonar snitt_11.2.2025 |
| 6 | 7.Fotomontasje og perspektiv_10.2.2025 |
| 7 | 8.Lengde og tverrprofiler veg_10.2.2025 |
| 8 | 9.KU friluftsliv_9.12.2024 |
| 9 | 10.KU landskap og arkitektur_9.12.2024 |
| 10 | 11.KU naturmangfald_6.11.2024 |
| 11 | 12.Massehandtering_13.12.2024 |
| 12 | 13.Klimagassberekning_22.11.2024 |
| 13 | 14.VA-rammeplan_28.11.2024 |
| 14 | 15.Hydraulisk analyse_17.12.2024 |
| 15 | 16.Støyvurdering_29.11.2024 |
| 16 | 18.Vurdering områdestabilitet_5.11.2024 |
| 17 | 19.Arkeologiske registreringar_2024 |
| 18 | 20.Medverknadsrapport_12.12.2024 |
| 19 | 21.Merknadsskjema oppstart_14.6.2024 |
| 20 | 2.Føresegner_11.2.2025 |
| 21 | 17.Vurdering luktspredning_26.11.2024 |